



Olje- Og Energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

Vår referanse
23/292 23/5015

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Kåre Kvangarsnes

Dato
09.05.2023

Høyringsuttale - energikommisjonens rapport "Meir av alt - raskare"

Kommunestyret har i møte 09.05.2023, sak 39/23, fatta følgjande vedtak:

Vanylven kommune er medlem i Sunnmøre Regionråd og i Utmarkskommunenes sammenslutning. SR har sendt inn eigen uttale, medan USS har gitt uttale gjennom paraplyorganisasjonen Naturressurskommunene. Vanylven støttar begge desse uttalane, og viser til at vi treng auka nettkapasitet for å sikre framtidig straumbehov for næring og private. Vi ynskjer styrking av lokalt sjølvstyre og råderett i alle saker der lokalsamfunnet sine naturressursar vert teke i bruk og gir grunnlag for verdiskaping. Kommunar som stiller sine naturressursar til disposisjon for storsamfunnet må tene på å bidra til verdiskapinga.

Med helsing

Marte Saure
stabsleiar

Kåre Kvangarsnes
politisk sekretær

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Mottakar
Olje- Og
Energidepartementet

Postboks 8148 Dep

0033

Oslo



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
33/23	Formannskapet	14.02.2023
41/23	Formannskapet	14.03.2023
69/23	Formannskapet	02.05.2023
39/23	Kommunestyre	09.05.2023

Høyringsuttale - energikommisjonens rapport "Meir av alt - raskare"

Samandrag:

Energikommisjonen vart utnemnd 11. februar 2022 for å kartleggje det norske energibehovet og foreslå auka energiproduksjon mot 2030 og 2050. Kommisjonen utgreiing inneheld ulike forslag til tiltak for å sørge for framleis tilgang på rein og rimeleg kraft til industri og forbrukarar.

Ein viktig føresetnad i mandatet til kommisjonen har vore at Noreg framleis skal ha eit kraftoverskot, og dessutan at klimamåla for 2030 og 2050 skal nåast. Kommisjonen forslag omhandlar mellom anna tiltak for ein meir effektiv og fleksibel energibruk, for auka kraftproduksjon, raskare og betre saksgang, auka nettkapasitet og dessutan organisering for utfordringane i framtida i kraftmarknaden og for forsyningstryggleiken. I tillegg blir vurdert rolla og vegvalet til kommunane framover.

Rapporten blir lagt fram for politisk handsaminga med intensjon om at kommunen skal gi høyringsuttale til saka og høyringsfristen er 2. mai 2023.

Kommunestyre 09.05.2023

Behandling:

Samrøystes vedtak som framlegget.

KO - 39/23 Vedtak

Vanylven kommune er medlem i Sunnmøre Regionråd og i Utmarkskommunenes sammenslutning. SR har sendt inn eigen uttale, medan USS har gitt uttale gjennom paraplyorganisasjonen Naturressurskommunene. Vanylven støttar begge desse uttalane, og viser til at vi treng auka nettkapasitet for å sikre framtidig straumbehov for næring og private. Vi ynskjer styrking av lokalt sjølvstyre og råderett i alle saker der lokalsamfunnet sine naturressursar vert teke i bruk og gir grunnlag for verdiskaping. Kommunar som stiller sine naturressursar til disposisjon for storsamfunnet må tene på å bidra til verdiskapinga.

Formannskapet 02.05.2023

Behandling:

Høyringsuttale - Meir av alt raskare, foreslått av Lena Landsverk Sande , Venstre Vanylven kommune er medlem i Sunnmøre Regionråd og i Utmarkskommunenes sammenslutning. SR har sendt inn eigen uttale, medan USS har gitt uttale gjennom paraplyorganisasjonen Naturressurskommunene. Vanylven støttar begge desse uttalane, og legg vekt på at vi ynskjer styrking av lokalt sjølvstyre og råderett i alle saker der lokalsamfunnet sine naturressursar vert teke i bruk og gir grunnlag for verdiskaping. Kommunar som stiller sine naturressursar til disposisjon for storsamfunnet må tene på å bidra til verdiskapinga.

Tillegg i høyringsuttalen, foreslått av Bjarne Sætrenes, Framstegspartiet

Ta med behovet for nettkapasitet for å sikre framtidig straumbehov for næring og private.

Ut i frå framlegga frå ordføraren og Bjarne Sætrenes vart det gjort samrøystes tilråding.

FO - 69/23 Vedtak

Formannskapet tilrår:

Vanylven kommune er medlem i Sunnmøre Regionråd og i Utmarkskommunenes sammenslutning. SR har sendt inn eigen uttale, medan USS har gitt uttale gjennom paraplyorganisasjonen Naturressurskommunene. Vanylven støttar begge desse uttalane, og viser til at vi treng auka nettkapasitet for å sikre framtidig straumbehov for næring og private. Vi ynskjer styrking av lokalt sjølvstyre og råderett i alle saker der lokalsamfunnet sine naturressursar vert teke i bruk og gir grunnlag for verdiskaping. Kommunar som stiller sine naturressursar til disposisjon for storsamfunnet må tene på å bidra til verdiskapinga.

Formannskapet 14.03.2023

Behandling:

Framlegg frå Ottar Jan Løvoll:

Saka vert utsett til etter energidag i Vanylven 27. april.

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

FO - 41/23 Vedtak

Saka vert utsett til etter energidag i Vanylven 27. april.

Formannskapet 14.02.2023

Behandling:

Ordføraren opplyste at det vil bli arrangert ein energi/kraftdag i kommunen 27. april. Kommunedirektøren foreslo at Mørenett vert invitert til formannskapsmøtet 14. mars.

Samrøystes vedtak/tilråding vart fatta.

FO - 33/23 Vedtak

Formannskapet tek saka opp att i formannskapsmøte 14. mars.

Mørenett vert invitert til dette møtet for å presentere straumsituasjonen i kommunen.

Ein bed om at dei ulike partigruppene diskuterer internt, og kjem med innspel til representantane i formannskapet.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret i Vanylven vil gi følgjande høyringsuttale til energikommisjonens rapport:

-
-
-
-
-

Vedtak som innstilling frå Formannskapet, 02.05.2023 - 69/23

Formannskapet tilrår:

Vanylven kommune er medlem i Sunnmøre Regionråd og i Utmarkskommunenes sammenslutning. SR har sendt inn eigen uttale, medan USS har gitt uttale gjennom paraplyorganisasjonen Naturressurskommunene. Vanylven støttar begge desse uttalane, og viser til at vi treng auka nettkapasitet for å sikre framtidig straumbehov for næring og private. Vi ynskjer styrking av lokalt sjølvstyre og råderett i alle saker der lokalsamfunnet sine naturressursar vert teke i bruk og gir grunnlag for verdiskaping. Kommunar som stiller sine naturressursar til disposisjon for storsamfunnet må tene på å bidra til verdiskapinga.

Vedlegg:

Meir av alt - raskare

Saksopplysningar:

Energikommisjonen viser til at Norge skal ha eit kraftoverskot i framtida, og dessutan at klimamåla for 2030 og 2050 skal nåast. Kommisjonen forslag omhandlar mellom anna tiltak for ein meir effektiv og fleksibel energibruk, for auka kraftproduksjon, raskare og betre saksgang, auka nettkapasitet og dessutan organisering for utfordringane i framtida i kraftmarknaden og for forsyningstryggleiken. I tillegg blir vurdert rolla og vegvalet til kommunane framover.

Dette gir følgjande innleiing til rapporten som er avgitt:

"Skal klimamålene nås, betyr dette massive behov for mer fornybar kraft. Landtransporten skal elektrifiseres og sjøtransporten trenger utslippsfritt drivstoff basert på fornybar kraft. Dagens industri basert på fossile brensler skal gjennom det grønne skiftet. Ny grønn industri skal etableres. Vi er på vei inn i en ny tid som krever en omfattende omlegging av energisystemet, og vi har dårlig tid. Vi snakker ikke lenger om å øke takten. Vi må opp i et tempo vi ikke har sett før. Vi handler ikke raskt nok. Forbruksveksten forventes å bli betydelig større enn foreliggende planer for økt fornybar kraftproduksjon. Vi kan gå fra en situasjon med overskudd til underskudd på kraft i løpet av noen få år".

Kommisjonen legg til grunn følgjande tiltak som nødvendig:

- Tiltak for meir effektiv og fleksibel energibruk
- Tiltak for fjernvarme, bioenergi og varmepumper
- Tiltak for auka kraftproduksjon, som vasskraft; vindkraft på land; vindkraft til havs; solkraft og kjernekraft
- Tiltak for raskare og betre saksgang ved konsesjon
- Tiltak for auka nettkapasitet

I rapporten så blir rolla til kommunen for å sikre målsettinga om kraftoverskot og klimamål skildra (s. 22):

"Kommunene har alltid hatt en sentral rolle i utviklingen av energisystemet, og de vil få et stort ansvar for utviklingen av fremtidens energisystem. Kommunene er planleggingsmyndighet, byggesaksmyndighet, rådgiver overfor egne innbyggere og bygningsforvalter. De har ansvar for klima- og energiplanlegging og har en rolle i kraftsystemplanleggingen. De er nærmest til å sikre seg innsikt i tilgangen på lokale energikilder og overskuddsvarme. Kommunene må involveres og ansvarliggjøres på en tydeligere måte for utviklingen i energibruken.

Det blir vidare vist til at eit av dei største hinder for å få til auka kraftproduksjon, og då særleg vindkraft på land, er mangel på folkeleg og lokal oppslutning, og legg difor følgjande føringar for lokal forankring:

- samfunnskontrakta mellom storsamfunnet og dei berøret lokalsamfunna vidareførast
- meir av inntektene frå vindkraft går til vertskommunen, ved at produksjonsavgifta og 15 % av grunnrenteskatten går direkte til kommunane
- etablerast eit nasjonalt kompetansesenter

Energikommisjonen viser til at vi står overfor vanskeleg val om vi skal få tilstrekkeleg utbygging av ny kraftproduksjon og om vi får til dette avhenger av:

"Klimamålene for 2030 ser i dag svært ambisiøse ut. Energikommisjonens budskap er at hvor langt mot dem vi kommer avhenger av politisk vilje og vanskelige politiske valg. Hvor nær samfunnsmålene man kommer avhenger av:

- Hvor mye man lykkes i korte ned saksbehandlingstiden i hele verdikjeden fra produksjon til forbruk av energi.
- Hvor mye man lykkes i å effektivisere forbruket av all energi.
- Hvor mye mer fornybar energiproduksjon som bygges ut"

"Kommisjonen mener at det er mogleg å setje inn tiltak for å nå måla mot 2023 med utbygging av ny produksjon og energieffektivisering - der spesielt energieffektivisering vil gi ein rask effekt, men dette åleine er ikkje tilstrekkeleg."

Vidare blir det i rapporten vist til at dette føreset at det er mange barrierar som kan hindre at vi når måla:

"Blant de viktigste er lange ledetider i konsesjonsbehandlingen for både produksjon og nett, naturhensyn, folkelig motstand mot vindkraft på land, flaskehalsar i nettet som hindrer tilknytning, og uavklarte rammebetingelser for solkraft og vindkraft til havs. Vi har dårlig tid, og det skal ikkje store forsinkelser til for at målet om kraftoverskudd blir vanskelig å oppfylle mot 2030."

Det er også dilemmaer som kommisjonen har sett på, dersom landet ikkje lykkast med å få tilstrekkeleg kraftproduksjon, og dette er:

"Hvis vi i en gitt situasjon ikke lykkes med å få nok kraft frem raskt, vil våre folkevalgte bli stilt overfor et dilemma der de må velge mellom tre alternativer:

1. Å godta at man i en overgangsperiode vil ha en stram eller negativ kraftbalanse, slik fremskrivingene fra Statnett og NVE blant annet viser. Det innebærer at vi blir avhengig av betydelig import fra våre naboland og Europa forøvrig dersom vi samtidig får et eller flere tørrår. Vi blir sårbare for energisituasjonen der. Det er imidlertid utsikter til et betydelig kraftoverskudd i resten av Norden, og vi har også flerårsmagasiner å spille på. Men i en periode med stram kraftbalanse må vi også belage oss på relativt høye priser.
2. Vi kan utsette elektrifiseringsprosjekter, f.eks. på sokkelen og i andre deler av økonomien, til vi har fått kraftutbyggingen skikkelig i gang. Vi kan f.eks. koble elektrifiseringen tettere opp til utbyggingen av havvind. Da vil vi neppe nå det norske målet om 55 prosent kutt i utslippene og Stortingets krav om at utslippene på sokkelen skal reduseres med 50 prosent til 2030. Anslag viser at om lag 20 prosent av utslippskuttene som regnes som nødvendige for å oppnå norske klimamål kommer fra elektrifisering av olje- og gassinntallasjoner. Tilsvarende kan man utsette elektrifiseringsprosjekter for å kutte utslipp i eksisterende landbasert industri eller i transportsektoren.
3. Vi kan begrense tilknytningen av ny kraftintensiv industri. Det vil legge begrensninger på omstillingen i retning av en grønn industri. En slik begrensning på tilknytningen kan gjennomføres ved å styre etableringen i større grad. Man kan f.eks. blinke ut områder der det ligger til rette for forbruksøkning på basis av nettkapasitet og kraftbalanse i området, og så tilby etablering. Tildeling kan baseres på ulike kriterier, eventuelt på basis av en prekvalifisering (basert på modenhet), og en tidsbegrensning for å gjennomføre etableringen. En annen måte å begrense tilknytning på, kan være å stille krav om energiopsjoner som gir mulighet til utkobling i lengre perioder med en anstrengt kraftsituasjon. Eventuelt kan kravet være at en aktør må skaffe til veie tilsvarende fleksibilitet fra andre, allerede etablerte aktører."

Kommunedirektøren viser ellers til energikommisjonens rapport, men det er nok dette med folkeleg og lokal oppslutning som er nøkkelen for å sikre utbygging av ny kraft, uansett om dette er vasskraft, vindkraft på land, vindkraft til havs, solkraft eller kjernekraft - samt at vertskommunen må ha vesentlige skatteinntektene fra kraftproduksjonen

Vurdering og konklusjon:

Kommunedirektøren viser til at vårt lokalsamfunn er avhengig av energitilføring for å sikre leveranse til eksisterende og nye verksemder, og at dette er ei utfordring slik linjenettet er i dag.

Likestillingsmessige sider ved saka: ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: ingen kjende

Miljøkonsekvensar: ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: ingen kjende

Beredskapsmessige konsekvensar: ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: ingen kjende

Andreas Chr. Nørve
kommunedirektør